

Betraktninger rundt forslag på vegnorm for Kvinnherad Kommune.

Etter eit år kom utkast to for «ny vegnorm» som skal gjelda for Kvinnherad Kommune. Vil sei utkast to i det store og heile er lik utkast ein, med hovudsakelig nokre få setningoppbyggingar. Og nokre få konkrete endringar, til det strengare etter mi meining.

Eit par begrep; Formålsgrrensa er grensa mellom vegen og ein eigedom. Byggjegrrensa er så nærme ein kan byggja. Skal ein byggja nærmare enn den, kreves det dispensasjon.

Det første eg la merke til er i innleiinga «1 Bakgrunn». Her er det stadfesta at vegnorma skal gjelda for **oppgradering/vedlikehald av eksisterande privat** eller kommunal veg. Allereie her legg ein store kostnader på private vegar. Om ein har ein vegstubb på nokre hundre meter, vil ein få svært strenge krav om ein ynskjer å vedlikehalde den. Og vegnorma stadfester også at sjølv om kommunen overtek ein privat veg, med grunn og det heile, vederlagsfritt, kan vedlikehald falla på tidlegare grunneigar. Dette er slik eg forstår det, også eit muleg krav overfor privat utlagde industriområder, store eller små.

Kva med ein skogsbilveg kor grunneigar ynskjer å vedlikehalda gamle stikkveiter med nye kulvertrøyr? Kjem det inn krav her også? Kva med vegen øvst i Uskedalen kommunen har ytra ynskje om å ned klassifisera? **Nye vegnorma sine krav til brukarane?**

Om ein skal søka om regulering av eit mindre område (byggefelt eller industriområde) kreves det tekniske planar for alt arbeidet. Det står ikkje om dette må vera med ved ein søknad om reguleringsplan, men er ordlagt slik at ein kan forstå det dit hen («ved innsending av reguleringsplan eller andre planar...»).

Forslaget for vegnorma for Kvinnherad Kommune skal vera heimla i veglova §13 som er for offentleg veg. I tillegg kjem plan- og bygningslova også inn, sjølv sagt.

Om ein ser på ein eigedom i «Utkantbygda» kor grunneigar ynskjer å legge ut fem tomter (bueiningar) for å få nokre familiar til å flytta tilbake til **JA-kommunen Kvinnherad**, kan ein oppleva følgjande; Først må grunneigaren laga reguleringsplan som kostar fort fleire hundre tusen kroner utan at ein veit om den vert godkjent. Her er mange instansar som skal ha eit ord med i laget. Dei fleste areala her i kommunen er avsett til LNFR-områder med dei fylgjer det inneber (dispensasjonssøknader i fleng). Eit anna moment er avstand til fylkesvegen, og avstandskrav. Så om ein slik liten reguleringsplan (*kreves i kommuneplanen om det er plass til meir enn to bueiningar på ein eigedom*) mot formodning skulle verta godkjent, må den då sjølv sagt inneha krava i den nå føreslåtte vegnormen. Arealet var tiltenkt avsett til fem tomter. Dette vert nå lett redusert til tre tomter i og med at vegnormen krever tre meter avsett areal på kvar side av vegskulder. Ei totalbredde på 10 meter til veg og tilhøyrande areal. Det står rett nok *inntil* 3 meter for anna areal (snørødding m.v.). Og ein skal vurderer utvida vegskulder på eine sida. Ein kjenner då kommunen så godt at ein veit **det vil verta ein kamp om å få dette redusert**. Det er mykje berg og skråningar her i kommunen og ikkje så flatt og fint som på kartet. Det vil då ved krav om tre meters bredde kunne medføre **store skjeringar i berg og fyllingar i terrenget**.

Eit slikt lite areal må også holde seg i ein minsteavstand frå Fylkesvegen. Og det må ut i den

etablerast skikkelig og god avkjørsle. Dette medfører som oftast at ein slik liten veg vert lang. Kjem lengda på over hundre meter, kreves det da snuplass for store bilar i enden av den (meir areal kreves).

Er det eit noko større felt med meir enn fem bueningar kreves det ein meter ekstra bredde.

Vert det ein samleveg, som f.eks. i Røsslandslia vert nå kravet 18 meter bredde avsett til vegareal.

Det seier seg sjølv at utkastet til vegnorm for Kvinnherad Kommune er ei vegnorm for

sentralisering. Det vert ikkje rekningsforsvarleg for nokon å leggja ut nokre bustadtomter for at folk skal flytta til Utkantbygda. I alle tilfelle vert det mange år kor ein må forskottera store utgifter for kanskje bare tre bustadtomter.

Vegnorma må skrivast slik at ein slepper kampen mot byråkratiet som vil velja frå øvste hylla og ikkje tenka på kostnadane for private utbyggjara. Og den må og skrivast slik at ein **ikkje** skal ha behov for å søkja dispensasjonar slik utkastet tilkjennegir. Ein dispensasjon er svært fordyrande i reine pengar. Og er svært tidkrevande då den skal fram og tilbake i fleire instansar. Fleire gonger då ein veit Statsforvaltar vil påklaga eventuelle inngitte dispensasjonar frå kommunen. Stasforvaltar vil kvar gong henvisa at det var slik politikarane vedtok planen, og at det derfor skal mykje til for å forbigå den. Så ein må i så tilfelle skylda på lokalpolitikarane i JA-kommunen Kvinnherad når Statsforvaltaren minner oss på at det var slik me la planane.

Kvinnherad Kommune skal kunne velja å ned klassifisera ein kommunal veg, og overlata vedlikehaldsansvaret og utgiftene til brukarane.

I følge utkastet til vegnorma er kravet til avstand frå formålsgrensa (eigedomsgrensa) til garasje to meter ved tverrstilt garasje, og seks meter ved garasje rett på. Her prøver dei å overgå plan- og bygningslova som seier ein meter om garasjen er under 50 kvadratmeter og har mønehøgde maks fire meter, og gesimshøgde maks tre meter. Ein slik garasje er ikkje søknadspliktig og kan førast opp ein meter frå grensa i følge plan- og bygningslova. Bustad utan garasje kan stå fire meter frå grensa om den ikkje er for nærme vegmidte. Er det garasje i del av bustaden, må den delen vera seks meter frå grensa (parkering framfor garasjen. snuplass på egen eigedom, sjølv om det er tre meter frå grensa til vegkant.

Med vennleg helsing

Rolf S. Ask

Vedlegg: Mine observasjonar av endringar frå utkast ein til utkast to med enkle kommentarar.